


Brukarrettleiing for digital kommunikasjon med Stranda legekantor

Digital kommunikasjon for bestilling av time og reseptar via Stranda legekantor si heimeside

1. Opne nettlesar og skriv inn følgjande nettstad:
 - 1.1. <https://strandalegekantor.klinikk.pasientsky.no>
2. Klikk deretter på «min side»
3. Vel ein av innloggingsløysingane i raudt, som vist på bildet under. Og logg inn som du brukar. Dette er same pålogging som til dømes nettbank og Helse Norge.

Velg login



The image shows three login options in a vertical list. The first two options, 'bankID' and 'bankID på mobil', are circled in red. The third option is 'bypass'.

- bankID
- bankID på mobil
- bypass

4. Etter du har logga inn vil du sjå informasjon knytt til din profil. Rettleiar for kva alt er, og korleis du skal bruke dei ulike funksjonane kjem på neste side.

 MIN PROFIL



Navn Joakim Nykrem	Telefon +47 40610910 Mobil, Privat	Adresse Antoniusvegen 13 6200 Stranda Folkeregister
E-post joakimnykrem@gmail.com		

Endre bilde

Kontaktinnstillinger

Samtykke

Rediger

- **Endre bilde**

Her kan du legge inn eit bildet av deg sjølv, det er frivillig. Det fordrar at du har eit bilete av deg sjølv tilgjengeleg på datamaskina.

- **Kontaktinnstillinger**

Her kan du endre kontaktinformasjon og korleis du vil bli kontakta.

- **Samtykke**

Her ligg informasjon knytt til kva journalsystemet på legekantoret lagrar av opplysningar om deg. Samtykke kan trekkast tilbake, men då må du vite at det vil ikkje fungere å bruke den digitale tilgangen som beskrive her.

- **Rediger**

Her kan du endre personalia som du ser i den grønne firkanten på biletet over.

Start helsehjelp

Når du trykker her får du fem val:

1. Bestill ny konsultasjon
2. Åpne nettside
3. Spørsmål om faktura
4. Fornyelse av resept frå lege
5. Annen henvendelse


Dersom du skal:

- Bestille legetime
- Stille spørsmål til lege/legekontor

Skal du bruke val nr. 5 «annen henvendelse»

Val nr. 1-2 er ikkje i bruk

Val nr. 3 kan du bruke dersom du har spørsmål knytt til ein faktura du har motteke.



Offentlege tenestar

Dei tre vala som ligg under offentlige tjenester er knytt opp til HelseNorge. Ved å klikke på eitt av vala vil du kome til ei ny innloggingsside på HelseNorge. Etter du har logga inn der vil du kunne sjekke ut:

- Mine resepter
- Mine vaksiner
- Bytte fastlege

Kommunikasjon:


Knappen på bildet under er tilgjengelig for enkelte legar og vil kun være tilgjengelig for pasientane til desse fastlegane



Tenestar som per dags dato ikkje er tilgjengelege:

Mine konsultasjoner:

Knappane på bildet under er ikkje tilgjengelege og vil ikkje kunne nyttast.



Digital kommunikasjon for bestilling av time og reseptar via app på telefon

Laste ned app



Last ned appen via Appstore eller Google Play, Appen heiter «PatientSkyApp» og har ikonet til venstre.


1. Når nedlasting er ferdig kan du opne appen

Logg inn for første gong

1. Opne appen
2. Velg språk og land, Norwegian/Norsk og Norge står som standardval. Dersom du er fornøgd med det kan du klikke «**kom i gang**». Om du vil endre, klikker du på dei kvite boksane og velje det språket og det landet du ønsker.
3. Du får deretter opp to val, trykk på den du er vant til å bruke:
 - a. BankID
 - b. BankID på mobil
4. Du vil da få nye val, her veljer du kva type innloggingsmekanisme du ønsker å bruke ved neste innlogging. Dette er for at du skal sleppe å bruke BankID kvar gong du skal bruke appen.
 - a. **TouchID:** Det er visst du har aktivert fingeravtrykk på telefonen (dersom telefonen støtter denne funksjonen)
 - b. **FaceID:** Det er visst du har aktivert ansiktsgjenkjenning på telefonen (dersom telefonen støtter denne funksjonen)
 - c. **4-sifret kode:** Her lager du en 4-sifret kode for å kunne logge inn på appen. Sørg for å bruke ein kode du hugsar, dersom du velje det alternativet


Bruk av app for første gong

1. Trykk på «**Velg en klinikk**»
2. I søkefeltet som dukkar opp skriv du «**Stranda legekantor**»
3. Klikk på «Stranda legekantor»
4. Du vil då kome vidare, slik som bilete nedst på sida viser
5. Her skal du trykke på «**klinikkinformasjon**», der vil du sjå eit hjarte øvst til høgre, trykk på hjarte.
6. Gå tilbake ved å trykke på pila øvst til venstre. Du skal då kome tilbake til menyen, som bilete under viser.
7. For å kommunisere med legekantoret skal du her bruke «**Annen henvendelse**»
 - a. Her kan du legge inn ønske om ny legetime, bytte tidspunkt for legetime og anna kommunikasjon.
 - b. Du skal fylle ut «**emne**» og «**beskjed**», trykk «**send**» når meldinga er ferdig
8. Bruk «fornyelse av resept», for å fornye reseptane dine. Skriv namn på resept du manglar.



Vidare bruk

Når du logger inn i appen neste gong vil du møte denne menyen, sjå bilete.



Flere tjenester:

Trykk her for å få opp alternativet «**annen henvendelse**». Det er det valet du fortsatt skal bruke når du skal bestille time, fornye resept og liknande.

Valet «**bestill time**» som står til høgre skal **ikkje** nyttast

Meldinger:

Her vil du ha oversikt over meldingane du har sendt til legekantoret. Denne kan du trykke på, for å sjå om du har fått svar.

Fremtidige timer:

Her kan du sjå dine avtalar

Betalingar:

Her har du oversikt over dine uteståande betalingar

Hjem:

Ved å trykk på hjem, vil du få opp sida som vist på bilete over.

Betalingar:

Her vil du ha oversikt over ubetalte og betalte fakturaer

Meldinger:

Her er oversikt over uleste og arkiverte meldingar med legekantoret.

Leste/gamle meldingar ligg under fana arkiv (ligg der sjølv om det står null).

Oppgaver:

Oversikt over oppgåver som er tildelt av lege, og dei som er fullførte

Kalender:

Oversikt over noverande eller komande avtalar, samt avtalar som har vore. Her kan du avbestille

Besøk <https://help.patientsky.com> for meir informasjon.

Retningslinjer for kommunikasjon med legekantoret

Kva hastar, og kva hastar ikkje?

Hastar ikkje	Hastar
Bestille ordinær legetime	Legetime same dag
Fornye resept	

Vaksiner og reseptar prøvesvar

Du kan sjekke dine vaksiner, <https://www.helsenorge.no/vaksiner/> og reseptar, <https://www.helsenorge.no/legemidler/> via HelseNorge.

Blodprøver

Du må bestille time for å kunne ta ei blodprøve, send melding via app eller nettside og bruk «annen henvendelse» for å bestille timen.

Prøvesvar i HelsaMi: Dei fleste blodprøvesvara blir delt på HelsaMi etter 2 veker.

Ikkje kontakt via telefon?

Velg ring tilbake-funksjon. Du vil bli oppringt på telefonen du ringer frå, når sentralbordet er ledig.

Dersom akutt, må du ringe 113!

For meir informasjon for bruk kan du besøke nettstaden: <https://help.patientsky.com>